

Idrettslaget oppmodar medlemene om å betala årspengane for 2018.

08.06.2018



Idrettslaget har mange og varierte aktivitetar gjennom heile året, både organiserte og uorganiserte.

Styret i Uskedalen Idrettslag vil oppmoda alle medlemene om å betala medlemskontigenten for 2018. Det er ein altfor stor andel av registrerte medlemer som ikkje har betalt kontigenten for i år, og det generer mykje ekstra arbeid med å purra på betaling til stadighet. Med tanke på at laget vert drive på dugnad, skulle detta vera unødvendig.

Det er også viktig å nemna at alle som er medlem i idrettslaget, er dekka av forsikring ved trening eller utøving av aktivitetar i regi av idrettslaget eller ved idrettslagets anlegg.

Samtidig vil vi oppfordra bygdafolk og elles andre som ikkje er medlem, til å mælda seg inn i idrettslaget. Vi ser til dømes i Omvikdalen at idrettslaget der har langt større medlemsmasse enn vi ser i Uskedalen, og prosentvis av innbyggartalet er det veldig stor skilnad på bygdene. Dette til trass av at Uskedalen Idrettslag har fleire aktivitetar å tilby og fleire anlegg som vert drifta. Det vert lagt ned veldig mange dugnadstimar for å tilrettelegga for aktivitetar og vi håpar at bygdafolket set pris på dette.

Ved spørsmål tilknytta medlemskap, eller eventuelt for nye medlemer, ta kontakt med Geir Enes på tlf: 99521089.

Vi ynskjer alle ein fortsatt fin sommar og håpar å sjå både gamle og nye medlemer nytta seg av eit eller fleire av tilboda til idrettslaget.

Tekst: Styret v/ Per Korsvold

Foto/nett: Gina Hella Myklebust/Kristian Bringedal



Det vert også lagt til rette for individuell idrett slik biletet syner med Amund Hella Berge-Soldal i friidrett.